

# VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA VED ETNEDAL SKULE

## § 1. RETNINGSLINJER

SFO i kommunen skal drivast etter dei retningslinjene som er vedtekne av Kommunestyret og etter dei krava som står i opplæringslova.

Etnedal kommune tilrettelegg SFO.

SFO nyttar skulen sine lokale etter nærmare avtale.

## § 2 FØREMÅL

SFO er eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for borna. Innhald og verksemd skal vera prega av leik, formingsaktivitetar og sosial trening.

## § 3 ANSVARLEG STYRINGSORGAN

Kommunestyret er ansvarleg for SFO innanfor politisk vedtekne rammer.

Rektor er administrativt ansvarleg.

## § 4 LEIING/STYRING/ANSVAR

Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga si daglege drift. Det vert tilsett ein barne- og ungdomsarbeidar/pedagog som har funksjon som dagleg leiar av SFO.

Leiaren skal saman med rektor leggje tilhøva til rette for aktivitetar.

## § 5 BEMANNING

SFO skal til kvar tid ha ei bemanning slik at ungane får eit trygt og forsvarleg tilbod.

## § 6 OPPTAK

SFO er eit tilbod til born frå 1.- 4. klasse (6 – 10 år).

Søknad om plass skjer elektronisk via Etnedal kommune si heimeside.

Søknadsfrist er 1. mars.

### Opptaksrutinar

Oppseiing må elektronisk via Etnedal kommune si heimeside.

Endrings/oppseiingsfristen er ein kalendermånad, rekna frå den 1. i kvar månad.

### Anke

Det er rektor som har avgjerdsrett ved inntak.

Avgjerda kan ankast til Kommunestyret.

## **§ 7 FORELDREBETALING**

SFO er ei friviljug ordning og skal søkje å vera sjølvberande.

Foreldrebetalinga skal fastsetjast av Kommunestyret i samanheng med årsbudsjettet.

Ved utviding/reduksjon av plass vil endringane i foreldrebetalinga bli rekna frå den 1. i månaden.

Betaling skjer kvar månad. Det blir kravd betaling for 10 månader.

Ved vedtak om inntak skal det opplysast om timeprisen, der utgifter til mat og opphald blir spesifisert.

## **§ 8 OPNINGSTID**

Rektor fastset opningstida ved SFO.

Det vert opplyst om opningstidene på nettsida til Etnedal kommune.

## **§ 9 MÅLTID**

Brukarane skal ha informasjon om dei fastsette reglane for måltid og betalingsformer.

## **§ 10 ENDRINGAR I VEDTEKTER**

Vedtektene for dei ulike SFO tilboda må vera i samsvar med dei som gjeld for kommunen. Endringar i dei kommunale vedtektene må handsamast og godkjennast i Kommunestyret.

## **§ 11 INTERNKONTROLL**

Det skal vera etablert rutinar og sjekklister for jamlege rundar og dagleg ettersyn.

Det skal og vere utarbeida handlingsplan ved ulykker- og personalinstruks med felles reglar for tilsynet.

*Vedtatt i Etnedal kommunes kommunestyre 26. februar 2015.*

